



# Kolset Tidende

Nr 1 \* Årgang 30

Mai 2026

---

---

# Innhald

Styret har ordet .....	3
Kolset Sanitetsforening .....	4
Kvinnepreik i Davang.....	5
Gloføknytt .....	8
17. Mai Gudstjeneste i Rugsund Kyrkje.....	9
Kyrkja vår og Kyrkjevalet 2027 .....	10
Fotballglade barn i bygda .....	12
Lastebilsjåfør og sjømann – Marion og Kai Arne .....	13
Fornyng av gymsalen .....	14
17. Mai Program i Kolset Krins .....	15
Onsdagskafeen - ein populær møteplass .....	16
Sunn svingom i Seniordansen .....	17
Utegudstjeneste 07.06 på Hennøystanda.....	18
Skytterlag Terminliste 2026 .....	19
Musikkverkstaden .....	21
Kolset Barnehage .....	22
Nytt frå Leirgulen Idrettslag.....	24
Fjelltrim 2026 .....	26



## Styret har ordet

Våren er komen til Kolset, og med ho både nytt engasjement og fleire møteplassar for store og små. Styret i Kolset Krins Utviklingslag har hatt ein aktiv start på året, med fokus på trivsel, aktivitet og utvikling i krinsen.

I løpet av vinteren og påska har det vore arrangert både brettspillkveld og quiz på Kolset Oppvekst. Særleg quizen gav gode tilbakemeldingar, noko som motiverer oss til å halde fram med liknande arrangement. Målet er å skape trygge og inkluderande møteplassar, spesielt for ungdom, der ein kan treffast sosialt på tvers av alder.

Styret har òg vore i dialog om vidare bruk av uteområda, mellom anna sandvolleyballbanen og området rundt småbåthamna. Her ligg det gode moglegheiter for vidare utvikling, og vi ønskjer etter kvart å involvere fleire i idemyldring kring kva som kan gjere området endå meir attraktivt innanfor begrensingena som er satt av grundeierne.

Eit anna viktig tema er bustadsituasjonen i krinsen. Det er gledeleg at fleire bustader no er eller blir lagde ut for sal, og det er allereie dialog med interesserte. Bustadar er ein nøkkelfaktor for vidare bulyst, og styret ønskjer å vere ein aktiv medspelar i formidling av informasjon.

Vidare følgjer vi arbeidet med planane om eit besøkssenter på Kolset Oppvekst, som kan bli ein viktig arena for formidling av lokalhistorie og aktivitet for lag og foreiningar. Samarbeid med kommunen og andre aktørar blir sentralt i dette arbeidet framover, og vi er spent å se resultatene fra kommunens forprosjektarbeidet.

Vi går inn i vår- og sommarhalvåret med tru på vidare aktivitet og godt samarbeid.

Har du tankar, idèar eller ønskjer å engasjere de, anten i arrangement, utviklingsarbeid eller det sosiale fellesskapet - er du alltid velkomen til å ta kontakt med oss i styret.

Saman gjer vi Kolset til ein god plass å bu - og ein god plass å møtast.

### **KKU Styre 2026**

Lovis Hüttinger – Leiar og Sekretær

Iris Olafsdottir - Nestleiar

Espen Gulliksen – Kasserar

Alexander Runge – Styremedlem

Jan Magne Kjenes – Styremedlem

Robin Leirgulen – Ungdomsrepresentant

Tilja Bortnen – Vara til Ungdomsrepresentant

Vara til styret:

1. Jan Kolset, 2. Asle Skaar, 3. Karoline Leirgulen



**Styret ynskjer alle ei fin 17. mai feiring og ein god sommar!**

# Kolset Sanitetsforening

Kolset sanitetsforening hadde årsmøte i februar. Dette er det nye styret:

**Leiar: Anette Midtbø**

**Nestleiar: Margunn Solvang**

**Sekretær: Bjørg Olsbø**

**Kasserar: Espen Gulliksen**

**Styremedlem: Marie Sundal Leirgulen**



For å bli medlem i Norske Kvinners Sanitetsforening (NKS), registrerer du deg enklast på nettsida, <https://www.sanitetskvinnene.no/bli-medlem>

Som hovudmedlem betalar du 500 kr per år. For deg under 30 år kostar medlemskapet 250 kroner i året. Medlemskapet gjelder per kalenderår.

Fyll inn lokalforeining (Kolset Sanitetsforening) og telefonnummer og du er i gang!

*Du vil styrkje vårt arbeidet med forskning, kvinnehelse, og trygge lokalsamfunn.*

# Kvinnepreik i Davang

Sanitetskvinnene i Davik og Kolset arrangerte **Kvinnepreik** onsdag 29.04 i Davang. Om lag 60 damer i frå Nordfjordeid og i frå vår eiga kommune deltok.

Kvinnehelse har over lang tid vore systematisk nedprioritert. Mange kvinner får ikkje alltid den hjelpa dei treng, mellom anna fordi det framleis er for lite kunnskap om kvinnehelse. I seinare tid har temaet fått meir merksemd i media, og Sanitetskvinnene har arbeidd aktivt for å påverke politisk slik at kvinnehelse blir prioritert høgare. Sanitetskvinnene gir årleg 20-25 millionar kroner til forskning på kvinnehelse.

Vi inviterte fysioterapeut June Førde til å snakke om kvinnehelse.

VI inviterte fysioterapeut June Førde til å halde foredrag om temaet. June driv privat fysioterapipraksis i Bremanger og held til på Frysa. Ho har vidareutdanning i kvinnehelse og eit sterkt engasjement for temaet.

I foredraget hadde June særleg fokus på dei kvinnesjukdomane og kvinnehelseplagene ho møter oftast i praksisen sin. Dette gjeld mellom anna plager knytte til overgangsalder og inkontinens.



Vi fekk ei god innføring i kva dette handlar om, og ikkje minst at **det finst hjelp å få**.



Sølvi Joensen og Anette M. informerte om omsorgsberedskap.


Når krisa rammar – trengst vi som mest.

## Eit trygt lokalsamfunn

Sjølv i trygge Noreg merkar vi klimaendringane. Ekstremvêr, flaum/ overfløyning, skogbrannar og ras skjer oftare - og krev meir av oss alle! Ved større kriser kan ikkje det offentlege løyse alle oppgåver åleine. Våre frivillige er ein viktig del av den lokale beredskapen, og bidreg med omsorg, nærvær og praktisk hjelp når det trengs som mest. Når kriser rammar, står **Sanitetskvinnene** klare.

Vi samarbeider tett med andre aktørar for å finne gode løysingar anten det gjeld pandemi, ulykker, kriser eller andre krevjande situasjonar. **Beredskap handlar om å vere forberedt.**

Sanitetskvinnene har omsorgsberedskapsgrupper i over 160 kommunar rundt om i landet. Nærare 400 lokalforeiningar er med i desse gruppene. Saman bidreg dei med støtte, hjelp, omsorg, mat og husrom når ei krise treffer. De fleste av gruppene har avtale med sine kommunar og mange har også plass i dei kommunale beredskapsråd. Vi har også plass i dei fleste fylkesberedskapsråd og har representantar i alle Heimevernsdistrikt.



Vi tilrår alle å laste ned mobilappen «113». Då får du ikkje berre raskt fagråd, men du kan også få ordna med rask uttransportering. Appen gir også AMK nøyaktige koordinat på kvar du er - om det skulle bli naudsynt.

Vi fekk gode tilbakemeldingar på tema og det er både behov og ønske om fleire Kvinnepreik treff. June har mykje meir kunnskap å dele med oss. Dette vil vi arrangere igjen.

## Innbyding til Kvinnehelseseminar

Kvinnehelsekontaktane i Sanitetskvinnene Vestland, Sogn og Fjordane har den gleda å invitere til seminar open for alle som ønskjer å lære meir om dette temaet:



### Arbeidshelse med eit kvinneperspektiv

Foredraget er ved spesialrådgjevar kvinnehelse Norske Kvinners Sanitetsforening, Elisabeth T. Swärd.

**Tid: Torsdag 18. juni 2026 kl. 18.00 - 21.00**

**Stad: Nordfjord Hotell, Nordfjordeid**

### Program:

18:00 *Velkomen ved Kvinnehelsekontaktane Ingrid og Liv*

18:10 *NKS og forskning. Arbeidshelse med eit kvinneperspektiv*

19:00 *Pause med kaffi/te og snittar*

19:30 *Arbeidshelse med eit kvinneperspektiv held fram. Pause når det høver.*

20:50 *Oppsummering og avslutning (ferja Stårheim-Isane kl. 21:20 frå Stårheim)*

Det er ein eigenandel på kr. 100,- Denne kan betalast via Vipps 26380 merk: Kvinnehelse

Påmeldingsfrist er innan 1. juni 2026 til Anette Midtbø [kolsetsanitetsforeining@gmail.com](mailto:kolsetsanitetsforeining@gmail.com)

tlf 91 80 44 37 (Anette melder oss på vidare til Liv Stokkenes Jacobsen -Kvinnehelsekontakt)

## «Å samlast er ei gledessak»

Denne songstrofa gjeld også dugnad på Gloføk, der små og store samlast til felles mål: å rydde området til glede for bygdafolk og langvegsfarande.

Sanitetskvinnene likar godt å kunne nytte denne naturperla til sine aktivitetar, og vi vil gjerne bidra på ulike måtar.

**Frå Solfondet har vi tidlegare etter søknad fått støtte til innkjøp av bord. Dette er eit fond som vart oppretta i 2000, etter at eigedomen Solbakken i Florø vart seld.**

**Det er fylkesstyret til Norske Kvinners Sanitetsforening som administrerer fondet. Frimodig søkte vi i vår på nytt prosjekt: utstyr som trengst til vedlikehald av området. Vi var glade for å motta 6000 kr til dette formålet.**



*Kevin (6), som var yngst i gjengen på siste dugnaden, var veldig fornøgd med greinsaksa vi hadde kjøpt inn.*

*Kolset Sanitetsforening*

## Gloføknytt

Vi vil takke Saniteten som har sponsa bord til gapahuken, samt vedlikehaldsutstyr som trillebår, greinsakser, river, greip m.m. Dette kjem godt med når det skal ryddast og pyntast i området!

Årets ryddedugnad vart unnagjort i slutten av april, og no er det sommarklart på Gloføk!

Ein kjekk ettermiddag med ein ivrig gjeng vart avslutta med ei kaffi, sveler og bollar i vårsola. Takk til «kaffidamene»!



Dugnadsånden er heldigvis sterk i krinsen vår. Det har stor verdi å kunne møtast og jobbe med felles prosjekt, og det er ingen tvil om at området ved tusenårsstaden har vorte eit viktig «utstillingsvindauge» for Bremanger kommune. Dette takka vere frivillege i Kolset krins!

Gapahuken ventar på tak og veggjar, material er bestilt og skiferen til taket ligg klar.

Det er sett opp ei liste over folk ein kan ringe til når arbeidet skal utførast. Det er ikkje for seint å melde seg til å stå på ringelista, ta kontakt med Øystein Kolseth dersom du har høve til å hjelpe.

Vi jobbar med å få tak i midlar til gapahukprosjektet, og nyleg fekk vi ei kjekk melding frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Vi vil få tildelt kr. 25.000,- , noko som gjer at vi kan starte på jobben snarleg. Dersom vi får inn nok midlar, håpar vi på å ha gapahuken klar til bruk til jonsok.

Helsing KKV si arbeidsgruppe for Gloføk



Velkommen til gudsteneste i  
**RUGSUND KYRKJE**

17.mai ca kl 1145



**Prest: Per Børge**

**Organist: Brunhilde**

**Offer: Utstyr i kyrkja**

Rugsund sokneråd ønskjer alle velkommen til kyrkje denne dagen.

Treng du kyrkjeskjuss: ta kontakt med Audhild mob 975 19 454



# Kyrkja vår og Kyrkjevalet 2027

Det går fort mot eitt nytt kyrkjeval, og Rugsund sokneråd v/leiar vil derfor nytte høvet til å rekruttere folk på denne lista.

Kyrkja vår står så vakkert og fint plassert i bygda. Kyrkja er eitt like viktig bygg, og ein god og viktig samlingsplass som vi må ta vare på. Dette på lik linje med alt anna vi har i bygda vår.

Kyrkja står foran eitt stort og omfattande restaurerings arbeid, og dette er eitt eviglangt prosjekt som er viktig at vi engasjerer oss i, og det er viktig at vi følger opp.

For leiar og soknerådet har det vore viktig å skape ei kyrkje som ALLE kan føle seg like velkomne inn i, og vel i. Det har vore viktig for oss at alle blir møtt med varme og omtanke. Dette både overfor kyrkjelyden, prest og organist. Vi kan sei att det har vore vårt «satsingsområde», og vi vil påstå at vi har lykkast med dette. Vi får ofte, og gode tilbakemeldingar på dette. Så tusen takk til alle som ser oss, og takker oss for den gode jobben vi alle har gjort.



Vi har alle ein travel kvardag, og det å komme inn i kyrkja, få senka skuldrane ein times tid, og få kjenne roen og freden sige innover seg, treng vi alle.

I januar var vi så heldige att vi fekk fast tilsett sokneprest. Per Børge Hillestad tok oss med storm og gjekk rett i hjerte på alle. Han er eitt fyrverkeri av en prest, og ein veldig fin fyr, og godt tilskot til bygda vår, og kommunen vår. Det er ei fryd, og en sann velsigning å vere i sokneråd ilag med han.

Dette har ført til att soknerådsarbeidet er blitt lettare og enda meir inspirerande og kjekt!

På sist gudsteneste var det over 70 stk. i kyrkja, og det var latter- alvor- sang – musikk- varme og glede. Litt av alt av det vi treng i livet for å føle att livet er fint.

Vårt ønskje er att det å komme til gudsteneste og til kyrkja vår, skal vere eit lavterskeltilbod, og att oppmøte blir så godt som dette kvar einaste gong!

Dette vil vi att også DU kan få ta del i, og utfordrar alle i soknet til å sterkt vurdere og melde seg som interessert til å stå på lista for neste periode.

**Kan du tenke deg å gå inn i soknerådet for neste periode?**

**Ta kontakt med Audhild 975 19 454**

## **Nominasjons komité**

Kanskje har du ikkje lyst til å stå på lista, men har lyst å hjelpe oss å skaffe folk?

Då kan du få stå i nominasjonskomiteen.

Nominasjonskomiteen skal bestå av minimum 3 personer.

Nominasjonskomiteen si oppgåve er å finne fram til interesserte personar som er villige til å gjere ein innsats.

**Er dette noko for deg? Så ta kontakt med Audhild 975 19 454**

## **Frivillig liste**

Då vi har valt å gå for ein ny styremodell for neste periode, treng vi meir frivillig hjelp.

Soknerådet skal reduserast frå 6 faste medl + 4 varamedl til 4 faste medl + 3 varamedl.

Vi skal også inn på eit interessant samarbeid mellom dei fire sokneråda i indre Bremanger.

Dette for å lette på møtevirksomheta til soknepresten, og samtidig bygge VI-kjensle og samarbeid på tvers av sokna.

Med færre folk i styret, hadde det derfor vore fint med ei frivilligliste. Hovudsakleg blir det å møte kyrkjelyd og tilsette med vennlegheit og varme, lage litt kaffi og kanskje bake/kjøpe ei kake av og til, og lese tekst viss du ønsker, eller ta kunngjeringar. Dette finn vi ut av ilag etter kvart.

**Er dette noko for deg?**

**Ta kontakt med Audhild: 975 19 454**

## Fotballglade barn i bygda

På grunn av stor fotballglede blant ungane som går ilag i 3.-5.kl på Davik skule, vart det i november 2025 starta opp eit fotballag for nettopp desse klassetrinna. Heile 8 av i alt 12 elevar i denne elevgruppa vart med i fra første trening i november, og har trent 1 gong i veka sidan!

Laget er eit samarbeidslag mellom Leirgulen I.L og Davik I.L, og er dermed eit lag som er åpent for alle barna i aldersgruppa 9-11 år som er medlem i eit av desse idrettslaga. Treinar for laget er Hege Barstad, og med-treinarar er Ingvild Langeland Dombestein og Solveig Askeland, som alle tre har eigne barn på laget. Den ivrige gjengen med fotballspelarar har delteke på 3 fotballcupar sidan januar, i Måløy, Florø og på Eid, og har vist stor spilleglede og engasjement.

Dette har ført til tydelig progresjon i både lagspelet og individuell utvikling. Dei har også fått splitter nye fotballdrakter og treningsdressar med klubbnavn «Davik/Leirgulen», sponsa av Romvesen AS, og det er stor stas.

Framover mot sommaren blir det ikkje fleire Cupar, men treningane held fram til juni.



Her er fotballgjengen i gruppa 9-11 år F.V.bak: Tina (9), Sander Johan (10), Sander (10), Olav (10), William (11), Nikolai (11), Andreas (11) og Emilio (11).

Sidan oppstart av 3.-5.klasse laget har også dei yngre elevane i 1. og 2. klasse fatta interesse i å delta på treningane. Derfor starta vi opp eige lag for 7 og 8 åringene og hadde første trening tirsdag 21.april 2026. Heile 6 av 8 elevar i denne gruppa er med, og det synes vi er veldig kjekt!



Her er fotballgjengen i gruppe 7-8 år. F.V. : Olai (8), Rebecca (8), Emma Kristine (8), Minea (7) og Odin (7). Sebastian (7) er også med på laget, men er ikkje på bildet.

## Lastebilsjåfør og sjømann – Marion og Kai Arne

**Marion og Kai Arne leiger no huset som Albert bygde, og som Anne Lundekvam no eig, men i løpet av hausten blir dei truleg huseigarar i Sørsida 244. Saman har dei dottera Johanne Kathrin. Ho er ei strålende jente som nett har vore på 8-månaderskontroll.**

Marion King voks opp i Tunbrigde Wells i Kent. Det er ein halv time med bil frå London. Der gjekk ho barneskule, ungdomsskule og vidaregåande (college), men i staden for studiar vart det giftemål og baby. Dei budde då i Walsall, West Midlands, og det vart tre barn, to jenter og ein gut, i løpet av få år. Dessverre var det ingen god ektemann, og ekteskapet vart oppløyst etter sju år. Marion hadde sjølv sagt lyst til å ta utdanning, og då barna var blitt tenåringer, var tida inne for studiar. Det vart ein bachelorgrad i reiseliv, og deretter jobba ho innanfor turisme i tre år, men ho fekk veldig lyst til å gjere noko anna.

Faren til Marion er lastebilsjåfør, og det var freistande å gå i fotspora hans, så det vart førarkort for store køyretøy. Dermed var ho lastebilsjåfør i England i to år. Barna var no vaksne og ute av reiret, og singellivet var einsamt, så då ho for tre år sidan møtte Kai Arne, gjennom felles venner, var gleda stor.

Kai Arne var berre 13 år då far Jonny døydde, og etter ei tid ville mor Heidi flytte heim til Mausundvær, nær Frøya. Kai Arne gjekk då i 9. klasse på Davik, og måtte altså bryte opp frå klassekameratar og heimbygda. Først budde dei hos besteforeldra, men etter ei tid fekk dei eige hus. Kai Arne fullførte ungdomsskulen på Mausund og pendla til vidaregåande på Frøya. Han gjekk på naturbruk første året, og andre året vart det fiske og fangst. Deretter vart det lærlingtid på fiskebåt. Fiskar vart altså yrket hans, og han var på fleire fiskebåtar i åra framover, men no er han på ein annan type båt.

Selskapet han no er i, heiter Abyss og har hovudbase i Kristiansund. Dei driv med service for oppdrettsanlegg. Dei godkjenner slike anlegg, legg ut nye anlegg, brakklegg anlegg, bistår med avlusing og notspyling. Det er meir stabilt å vere på ein slik servicebåt enn på fiskebåt. No er det fast turnus, tre veker om bord og tre veker fri. I friperiodane om hausten er det hjortejakta som er det store. Kai Arne er ivrig jeger og leiar i Kolset jaktlag.

Johanne Kathrin er fødd i England, og ho har då automatisk både engelsk og norsk pass. Marion har søkt om opphaldsløyve i Norge, men det gjekk lenge før ho fekk svar på søknaden. Faktisk kom det positive svaret no i april. Det er sjølv sagt svært gledeleg for dei. Ho seier at ho trivest godt i Rugsund, og dei har mykje å sjå fram til. I september skal Johanne bli storesyster, og før det, håper dei å vere huseigarar med mykje plass til fire. Syster Laila og mor Heidi kjem på besøk når det nærmar seg termin.



Det var spennande å besøkje dei tre i Bakkjen, og vi håper at framtida blir god her hjå oss. Kolset Tidende ønskjer dykk hjarteleg velkomne.

## Fornyning av gymsalen

Gymsalen blir til sommaren måla og golvet lakket. Veggane har ikkje vore måla sidan gymsalen var ny, så dette ser vi fram til. Det vert eit par dugnadsdagar 2. og 3. juni for å klargjere gymsalen for måling og lakking. Håpar folk tar seg tid til å komme.

Mvh

Husstyret

# 17. MAI PROGRAM I KOLSET KRINS

Kl. 0800 Flaggheising

Kl. 1145 Gudsteneste

Kl. 1230 Minnemarkering ved bautaen

Kl. 1300 Tog fra SFE til Kolset oppvekst

Kl. 1345 Festbord med rømmegraut og  
spekemat, åpen kiosk, dagens tale

Prisar: Vaksen kr. 250,-

5.-10.klasse kr. 150,-

1.-4.klasse kr. 100,-

Yngre barn gratis

**NB!** Påmelding til Espen – gjerne på sms tlf.  
47466663 innan søndag 3.mai 2026.

Kl. 1500 Leikar, inneaktivitetar og  
uteaktivitetar startar

Kl. 1645 Folkefest, kaker og kaffe

Prisar: Vaksen kr.150,-

1.-10.klasse kr. 50,-

Yngre barn gratis

## Onsdagskafeen - ein populær møteplass



Onsdagane kl 14-16 møtest mange på den flotte kafeen til Nærbutikken. Biletet her er frå 25. mars, og alle gav samtykke til å få bilete i Kolset Tidende.

Therese koker kaffi, og på omgang kjøper vi eit eller anna attåt. Praten går livleg både om notid og fortid.

Vi har bestilt marsipankake nokre gonger til 80-årsfeiringar, og vi takkar Bremanger kommune for at vi fekk ein liten sum til det vi vil markere litt ekstra. Vi takkar og Nærbutikken for at vi har denne møteplassen, og vi håper at tilbodet står ved lag og at mange kjem.



## Sunn svingom i Seniordansen

**Vårhalvåret går mot slutten, og det er tid for ein liten rapport frå dansetrimmen vår. Vi er dei same trufaste dansarane, men vi fekk to nye i år, Britt Midtbø og Per Bøen, og det er vi veldig glade for.**

Årsmøtet vart halde 20.01.26 i samband med danseøving, og det var 14 som møtte. Brita held fram som leiar, og vi er så takksame for alt ho gjer for å halde hjula i gong. Åshild og Bjørg var på val, og begge stilte på igjen. Åshild og Reidun var utsendingane våre på fylkesårsmøtet på Skei i februar.

Samlingane våre er framleis tysdagane i partalsveker kl 19-21 med ca ein halvtimes kaffipause. Frammøtet kan variere litt, men dette halvåret har vi som oftast vore 14. og det må vi seie er veldig bra i vår alder.

Ein gong i halvåret er vi på søndagsbesøk på Klokkartunet, så 15. mars var vi der. Vi delte dansinga i to bolkar, og i pausen var det kaffi og prat rundt langbordet. Brita og Åshild hadde baka to nydelege kaker, for no er det lov å ha «medbrakt» igjen. Det er svært triveleg å vere på Klokkartunet, og bebuarane set stor pris på at vi kjem.

Vi har siste danseøving før ferien 26. mai, og vi skal ha sommaravslutning i byrjinga av juni, men vi er ikkje heilt i mål med bestilling. Vi har snakka om Sølvane gard i Kandalen og/eller det nyrestaurerte Astruptunet i Jølster. Vi inviterer med tidlegare dansarar, og viss andre har lyst å slå følge, er det berre å kontakte Brita i litt god tid.

Til slutt ønskjer vi alle lesarane av Kolset Tidende ein flott 17. mai og ein god sommar.



# Hennøystranda

7. juni 2026

*Velkommen til*  
**UTEGUDSTENESTE**  
ELLER SAMLING I  
SKULEHUSET  
søndag 7.6 kl. 11:30



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Kyrkjelydane i Bremanger

**v/sokneprest Per Børge Hillestad  
og kantor Brunhilde Engelhardt**

**BÅT: Smørhamn 10:00 - Leirgulen kai 10:30**  
**RETUR 13:30: Leirgulen kai 13:45 - Smørhamn 14:45**

**BETALING: 150,- for enkeltperson 300,- for familie**  
Betaling på VIPPS til 94 75 00 (Rugsund sokn)  
Merk betalinga: Båt Hennøystranda

**PÅMELDING: Rugsund sokneråd v/Audhild Storøy**  
tlf. 975 19 454 eller epost [audhist@online.no](mailto:audhist@online.no)

**KYRKJEKAFFI: Ta med mat og drikke sjølv**

## Skytterlag Terminliste 2026

Dag/dato:	Tidspunkt:	Arrangement:	Ansvarlege
Tysdag 5. mai	kl.17.30 - 19:00	Trening/Jaktskyting	<b>Vebjørn</b> , Knut Erlend Dombestein
Søndag 10. mai	kl.13.00 - 17.00	Skytingens dag	<b>STYRET</b>
Tysdag 12. mai	kl.17.30 - 19.00	Trening/Jaktskyting	<b>Bertil</b> , Magnus Endal
Tysdag 2. juni	kl 17.30 - 19.00	Trening/Jaktskyting	<b>Håvard</b> , Per Helge Olsbø
Søndag 7. juni	kl.14.30 - 17.00	Trening/Jaktskyting	<b>Per Kristian</b> , Trond Furnes
Søndag 14. juni	kl.14.30 - 17.00	Trening/Jaktskyting	<b>Vebjørn</b> , Rune Leirgulen
Søndag 28. juni	kl.11.00 - 17.00	Lagskyting/Dugleiksmærke Påmelding innan 28. juni	<b>STYRET</b>
Søndag 5. juli	kl.14.30 - 17.00	Trening/Jaktskyting	<b>Per Kristian</b> , Marius Gulliksen
Tysdag 7. juli	kl.17.30 - 19.00	Trening/Jaktskyting	<b>Håvard</b> , Jan Åge Liseth
Tysdag 21. juli	kl.17.30 - 19.00	Trening/Jaktskyting	<b>Per Kristian</b> , Asle Skaar
Tysdag 28. juli	kl.17.30 - 19.00	Trening/Jaktskyting	<b>Emil</b> , Erlend Birkeland
Søndag 2. aug.	kl.14.30 - 17.00	Trening/Jaktskyting	<b>Emil</b> , Øystein Kolseth
Tysdag 4. aug.	kl.17.30 - 19.00	Trening/Jaktskyting	<b>Per Kristian</b> , Geir Olsbø
Søndag 9. aug	kl.14.30 - 17.00	Trening/Jaktskyting	<b>Håvard</b> , Arild Leirgulen
Søndag 16. aug.	kl.14.30 - 17.00	Trening/Jaktskyting og STENGE BANA	<b>STYRET</b>

**Per Kristian Elde**    Tlf. 952 37 956  
**Bertil Olsbø**        Tlf. 976 10 764  
**Håvard Lofnes**     Tlf. 959 61 780  
**Emil Forsberg**     Tlf. 476 40 221  
**Vebjørn Solvang**   Tlf. 941 30 139

*Styret oppfordrar til betaling for ammunisjon ved bruk av VIPPS, 580 555.*

Styret ber om at dei som ikkje kan møte til oppsett tid, seier frå til Per Kristian på tlf. **952 37 956**.

Dei ansvarlege skal ha med mobiltelefon, samt lese oppslag; Krise- og beredskapsplan.

Den som står først på lista (**utheva skrift**), har hovudansvar og kontaktar medansvarlege.

Nøkkel til bana får ein ved å ta kontakt med Per Kristian. (**952 37 956**).

All skyting må skje i samsvar med baneinstruksen, jf. stengd vegbom og varselflagg skal vere heist. Baneinstruksen er oppslegen på skytebana. Krise- og beredskapsplan er oppslegen på skytebana.

# Musikkverkstaden

Musikkverkstaden har i vinter/vår hatt øving for barnekoret, fram mot Musikk Caféen 12 april. Eg fekk etter kvart med Gunnhild Lofnes, som medhjelpar med koret. Kjempekjekt med ein ekstra å hjelpe til. Og koret har hatt ei flott utvikling, frå 9 stykker før jul til 13 stykker no, og med ein flott oppmøteprosent. Veldig bra og veldig kjekt for oss som bruker fritida vår på dere. Vi opptådte på Musikk Caféen, med 3 sanginnslag, og i tillegg stilte Emma og Gabriella med to sanger som duo.

Musikk Caféen, som er vårt årlige arrangement i Musikkverkstaden, vart ein kjempesuksess, til tross for flott vårvær ute. Veldig mange møtte opp for å høyre Barnekoret, Emma og Gabriella og Havtrekkjen. Vi nytta og anledninga til å feire litt Per Helge sin bursdag, og minne folk på kva han har gjort og framleis gjer for Musikkverkstaden.

Neste opptreden for Barnekoret vert 17. mai, saman med Barnehagen. Etter det vert det avslutning og ferie.

Vi satsar på å starte opp att etter skulestart ein gong på hausten, men det kjem vi tilbake til.

Rune og Gunnhild

## Musikkverkstadens Styre 2026

Leiar           Rune Leirgulen

Nestleiar      Per Helge Olsbø

Kasserar      Asle Skaar

Sekretær      Bertil Olsbø

Styremedlem  Gunnhild Lofnes

Vara 1          Magnus Almenning

Vara 2          Kristine Solvang



## Kolset Barnehage

Våren 2026 har vi 9 barn i barnehagen. Vi held på med mange ulike aktivitetar. Her er noko av det vi har drive med så langt i vårhalvåret.

Den 6. februar markerte vi samefolkets dag.



Dei eldste laga den det samiske solsymbolet  
Og laga «bidos» som vi kosa oss med til lunsj.



Dei yngste laga ein måleri med dei samiske fargane.

Gjennom heile året har vi eit godt samarbeid med avdelinga på Davik. Dei eldste reiser til Davik med bussen stort sett kvar torsdag. Der har dei blant anna fått vore med på bading, turar



i nærområdet, leik og aktivitet både på skuleområdet og i bhg-området, og ikkje minst knytt nye bånd mellom barn-barn, barn-vaksen.

I slutten av april var vi på besøk i Blålida for å sjå på sauene og lamma. Vi fekk vere med i fjøsen, og dei som ville fekk klappe og kose litt med dei. Vi fekk og helse på hønene som var på gården.



Dagfrid og Karoline hadde laga til deilig lunsj til oss, som vi åt før vi utforska Blålida litt meir.

Vi gjekk viare til gapahuken og vidare for å skrive oss i boka ved vatnet. Vi hadde ein veldig kjekk tur i nydelig vårsol, og brukte heile dagen der før vi reiste tilbake i barnehagen.



No framover vil vi ha litt vår og sommararbeid med litt planting, rydding langs vegen og øving til 17. mai. Vi håpar på mange flotte utedagar med finevær, utflukter, og turar i nærområdet vårt fram mot sommarferien.



Vi ønskjer alle ein riktig fin sommar!



## Nytt frå Leirgulen Idrettslag

I oktober i fjor freista styret i LIL å arrangere bingo på Kolset. Dette var fyrste gongen på mange år at ein tok oppatt ein gamal bingo-tradisjon i bygda. Flott oppmøte, og kjekk kveld! Sidan februar også er LIL sin arrangørmånad, prøvde vi på nytt. Mange gode tilbakemeldingar, og eit fint overskot på kr. 7759,-

Etter mange år med strålende sol og opphaldsver på langfredag, måtte ein i år tenkje annleis for trimbingoen. Det noko sure veret gjorde at ein la løypa innover gangvegen mot Kolset oppvekst. Dette la på ingen måte ein dempar på antal deltakarar eller den gode stemninga! Det vart ny deltakarrekord, med heile 175 solgte blokker, og eit netto overskot på kr. 11.895,-! Det vart nokre hektiske timar for komiteen, som virkelig fekk køyr seg på kjøkenet og i gymsalen 😊 Salen var stappfull, og alt av bord og stolar vart sett fram. Medaljar og premiar for fjelltrimmen 2024 vart også delt ut. Ein virkelig hyggelig ettermiddag 😊



**Påskeharen:** Vi er så heldige at påskeharen stadig er på besøk i løypene våre rundt påsketider. I år hadde han lagt turen innom Vågen, Mummisteinen og Skaravatnet, og lagt att både løypesnop og premiar til turgåarane.

**Trimrommet:** Trimrommet vert stadig fornya. Det siste tilskotet av treningsapparat er ein chin dip vektassistert. Denne trur vi kjem til å bli mykje brukt. Elles kan kasserar melde om gode medlemstal og betalte kontingentar for trimrommet.

Ei lita oppfordring til dei føresette: det er 16 års-aldersgrense for bruk av trimrommet. Yngre barn skal ikkje ha tilgong til koden til trimrommet, og må alltid vere i følge med ein ansvarleg over 16 år. Det er mange tunge apparat der, og vi ynskjer ikkje at barn skal vere der åleine.

## Friddrettsgruppa:

I januar i år var det oppstart av organisert friddrettstrening for ungene i barneskulealder. Veldig kjekt å sjå at ein no har fleire tilbod om trening på Kolset. No som ein går mot lysare tider, er det nok fleire ungar som tek sykkelen fatt og kjem seg til trening på eiga hand. Vi er heldige som har frivillige som stiller opp og arrangerer!

Planen framover er å delta på friddrettsstevner, og allereie for nokre helgar sidan deltok ein heil gjeng på det årlege 1.mai-stevnet på Åheim, berre sjå her:



Styret i LIL ser slik ut for 2026:

Kjell Leirgulen	leiar
Merete Kolseth	nestleiar
Espen Gulliksen	kasserar
Therese Kolseth	skrivar
Hrafnhildur Eva Olafsdottir	styremedlem

# Fjelltrim 2026

## **Fjelltrimmen har bøker på følgjande turmål:**

- Troda (varden) 10 poeng
- Raudalskammen (varden) 7 poeng
- Søndstua (varden) 5 poeng
- Raudalen (mur vest for selet til Hildegunn) 3 poeng
- Raudehaugen (hytta til Åshild, postkasse) 3 poeng
- Huldrehaugen (utedoen) 3 poeng
- Kyrahaugen (mur i nærleiken av hytta til Svein Inge) 3 poeng
- Skaravatnet (hytta til Knut) 2 poeng
- Gloføykvatnet (postkasse i løypa ved vatnet) 2 poeng
- Heidasteinane (postkasse, stien til Djupedalen) 2 poeng
- Djupedalen (hytta til Bjørg og Johan) 2 poeng
- Tongane (bislaget på forsamlingshuset) 1 poeng
- Skatestraumen (på stien frå Nygård mot Nygårdsetra) 1 poeng

## **Barnefjelltrimmen har bøker på følgjande turmål:**

- Tongane (bislaget på forsamlingshuset) 4 poeng
- Skatestraumen/Nygård (start ved avkøyrsla til Jan Inge) 3 poeng
- Mummisteinen (start ved grinda i Rabben) 2 poeng
- Hagen (skogsvegen frå lada til Solfrid) 2 poeng
- Storfurua (ovanfor Tordis, i løypa frå barnehagen) 1 poeng
- Hakkebakkeskogen (Stranda, i løypa frå trimstova) 2 poeng
- Øyna rundt (midtvegs i løypa, start ved Magne) 2 poeng
- Vågen/Ranhøgda (start ved garasjen ved kyrkja) 3 poeng
- Holten i Leira (i løypa mot Heidasteinane) 2 poeng
- Brauta (Blålida, løypa startar ved Geir) 3 poeng
- Bortnen (skogsvegen mot Bortnestøylen/Skaravatnet) 2 poeng
- Blålidvatnet (midtvegs i løypa, på tre) 2 poeng 15

## **Grasrotandelen:**

Du kan støtte idrettslaget vårt ved å registrere deg via tippekortet ditt når du tippar hos Norsk Tipping. 7 % av summen du tippar for, vil då gå direkte til laget -og dermed kome tiltak i nærmiljøet til gode. Dette er heilt kostnadsfritt for deg. Vårt org.nr. er: 986124691